

TEKST: GRO WOLLEBÆK

# Bakepulverbåt

## Du treng:

ei tom 1 1/2 liters brusflaske med kork  
ei nål eller ein teiknestift

to strikkar

ei teskei

10 ts bakepulver

1 dl eddik

3 dl vatn



ein kopp

eit papirark

eit badekar eller stort kar med vatn

## Slik gjer du:


1. Set to strikkar rundt flaska slik som vist på teikninga: ein strikk langt ned mot botnen, den andre omtrent på midten av flaska.
2. Fest ei teskei under dei to strikkane.
3. Legg flaska i vatnet og merk deg kva for ein del av flaska som ligg under vatn.



4. Løft opp flaska. Bruk ei stoppenål og lag eit lite hol i den delen av flaskebotnen som låg under vatn.


5. Lag eit kremmarhus av papir. Dette skal du seinare bruke som trakt for å få bakepulveret inn i flaska.





6. Mål opp 10 teskeier bakepulver i ein kopp.

7. Løft opp flaska og hald ein finger framfor det vesle holet du har laga i flaskebotnen.



8. Skru av korken og ha 3 dl vatn og 1 dl eddik oppi flaska.

9. Set kremmarhuset i flasketuten.

10. Hell i full fart bakepulveret i flaska.

11. Ta vekk trakta, skru på korken og rist godt.

12. Legg flaska tilbake i vatnet og ta fingeren bort frå holet.

**Kva skjer?**  
Inni flaska vil bakepulver og eddik danne ein kjemisk reaksjon. Desse to stoffa dannar  $\text{CO}^2$ -gass. Det er den same gassen som du pustar ut. Fordi holet du har laga i flaska, er så lite, vil gassen presse seg ut. Dette skaper ein fin jetstrøm. Trykket er så sterkt at det pressar «båten» framover.